
NOTAT

Til:

Styringsgruppa for kommunereform i Granvin

Frå:

Trude Hoflandsdal Letnes
Rådmann
Rådmannen

Dok.dato: 23.06.2015

SaksID-dok.nr.: 14/262-42

REFERAT FRÅ STYRINGSGRUPPEMØTE 23.6.15

Til stades:

Ingebjørg Winjum
Lars Bjarte Røystrand
Atle Seim
Randi Kalsaas
Martin Hamre
Marianne Espeland

Forfall.

Karin Ware

Trude Letnes, skrivar

Generelt

Møtet kom i stand etter presentasjon av utgreiingsrapportane 22.6.15. Dette var eit felles kommunestyremøte for alle kommunane i Hardanger der dei ulike kommunesamanslåingsalternativa blir presentert.

Informasjon

Ordføraren informerte frå drøftingane i ordførargruppa.

- Ordførarane er einige om at det må leggjast til rette for to parallelle løp i «nord-alternativet». Ein må ta høgd for at Ullensvang deltek i to utgreiingar og ein må difor arbeida med to alternativ, eit med og eit utan Ullensvang. Dette inneber at det må lagast to intensjonsplanar.
- Det skal gjennomførast ei felles innbyggjarhøyring i slutten av september. Telemarksforsking skal gjennomføra undersøkinga på bakgrunn av forslaga som ligg i kommunereform.no
- Intensjonsplanen begynner å ta form. Ein har starta å konkretisera nokre prinsipp for samanslåinga og vil sette opp ei liste over investeringsprosjekt som den einskilde kommune har i dag som ein ynskjer å ta med seg vidare.

-
- Gruppa har drøfta kommunenamn. Dei ynskjer å ha med seg namnet Hardanger vidare i ein eller anna form.
 - Det er drøfta kva for tenester som i dag er interkommunale, men som ein større kommune kan tilby sjølv. Barnevern har vore drøfta, men ein har ikkje konkludert i denne saka.
-

Framdrift

Det skal utarbeidast ein framdriftsplan som skal leggjast på nettsida.

21. september skal det vere felles styringsgruppemøte i Ulvik.

Innbyggjarundersøkinga skal vere i slutten av september.

Folkemøte der resultatane frå innbyggjarundersøkinga skal presenterast skal vere i slutten av oktober.

Framlegg frå styringsgruppa i Granvin

Eit forslag frå Granvin er at ein kan laga ein open konkurranse om kommunenamn.